



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

02 FEB 2015

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Olav Terje Hove - 57655802

Vår referanse:
2015/011969-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.01.2015

Strategi for innfartsparkering - høyringsuttale

Viser til oversending av Strategi for innfartsparkering fram mot 2030, motteke pr mail 09.01.2015.

Statens vegvesen merkar seg formuleringa i innleiinga:

«Etablering av innfartsparkeringsplassar er såleis ikkje eit mål i seg sjølv, men i større grad eit av fleire verkemiddel som skal bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla for kollektivtrafikken. Utbygging av innfartsparkeringsanlegg er ressurskrevjande, og må balanserast mot nytte og andre tiltak for å auka kollektivandelen.»

Statens vegvesen er samd i denne formuleringa og vil poengtere at innfartsparkering er eitt av mange tiltak som må prioriterast opp mot kvarandre for redusere privatbilbruken og overføra reisene til gange, sykkel, kollektiv og samkøyring.

Vi viser her også til formuleringa i kap. 4 under Parkeringskapasitet:

«Innfartsparkering vil ikkje ha større innverknad på årstdøgntrafikk (ÅDT) og miljøutfordringar.»

Dette er også eit argument som må vektleggjast når tiltak skal prioriterast, jfr. også kap. 3: Innfartsparkering er ein *«kostbar måte å oppnå fleire kollektivreisande. Kvar p-plass i til dømes p-hus kostar 300 - 400.000 kr å etablere»*.

I kap. 2 Definisjonar og avgrensingar er det poengtert at innfartsparkering er ein del av kollektivtilbodet, og at ei sentral utfordring med å etablere innfartsparkering er å

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

få heilt nye reisande – ikkje berre kollektivreisande som byter ut deler av kollektivreise med ei bilreise.

Statens vegvesen støttar dette synspunktet, og vil også peika på faren for at det kan gå på bekostning av gange og sykkel.

Sjølv om innfartsparkering vert sett på som ein del av kollektivtilbodet, bør innfartsparkeringsplassar også kunne nyttast av dei som deltek i organisert samkøyring.

Staten vegvesen merkar seg også at det i dette kapittelet er sagt at det er eit stort potensiale for sykkel i Bergensområdet og at etablering av sykkelparkering tek liten plass og er eit rimeleg alternativ i forhold til parkeringsplassar for bil.

Statens vegvesen støttar fullt ut dei vurderingane som er gjort om behovet for sikre sykkelparkeringsplassar ved terminalar/ knutepunkt. Statens vegvesen støttar også konklusjonen i kap. 4 om at sjølv om kartlegging viser relativt låg etterspurnad etter innfartsparkeringsplassar for sykkel, må sikker sykkelparkering må prøvast ut i større skala. Innfartsparkeringsplassar for sykkel må også sjåast i samanheng med korleis framkomsten for sykkel er i området. Framkomsten må eventuelt betrast.

I kap. 4 Sentrale prinsipp og strategi for innfartsparkering, vert m.a teke opp brukarbetaling. Statens vegvesen merkar seg at fylkeskommunen vil vidareutvikle teknologiske løysingar for brukarbetaling – felles for innfartsparkering og kollektivreiser. Statens vegvesen ser det som viktig å finna gode løysingar for brukarbetaling som ligg på eit nivå som ikkje stimulerer til å erstatta gange og sykkel med bil til innfartsparkeringsplassen samstundes som det ikkje er avvisande overfor dei som er avhengige av bil for å nå kollektivt reisemiddel eller delta i samkøyring.

Det heiter i planen at midlar til innfartsparkering bør vera ein del av aktuelle bompengepakkar der det kan vera aktuelt å etablere/utvida eit slikt tilbod. Statens vegvesen har ikkje merknader til dette, dersom innfartsparkering er det tiltaket som gir best effekt. Innfartsparkering må vurderast opp mot andre tiltak som kan vera aktuelle i området. Vi vil likevel peika på at for gjeldande bompengepakkar ligg det føringar for bruk av bompengane som må fylgjast.

Det heiter vidare at Hordaland fylkeskommune legg til grunn at vegeigarprinsippet også skal gjelda for innfartsparkering. I dette ligg at staten vil ha ansvaret for innfartsparkeringsplassar som ligg til riksveg.

Statens vegvesen har ikkje merknader til prinsippet (det er i samsvar med Handlingsplan for kollektivtransport, Samferdsledepartementet 2014), men vil igjen

peika på at ulike tiltak innanfor kollektivsektoren må prioriterast og innarbeidast i NTP-prosessane.

Til slutt i kapittelet er det sagt noko om erfaring knytt til bruken av plassar reservert for reisande med nedsett funksjonsevne. Vegvesenet vil peika på at det er spesielt viktig med tilstrekkeleg plassar for denne gruppa og at lovpålagt tilbod vil verta gitt.

I kap 5 Mål og utviklingsplan for innfartsparkeringstilbodet, er det m.a sett på plassering av overordna innfartsparkeringsplassar. Det heiter og at reine innfartsparkeringsplassar skal etablerast utanfor lokalsentra, køstrekingar og bomsnitt.

Statens vegvesen vil peika på at intensjonen med innfartsparkeringsplassar for bil bør vera å gje eit tilbod til reisande som ikkje når høgfrekvent kollektivtilbod med sykkel, gange eller anna kollektivtilbod. Ut frå dette vil vegvesenet peika på Sotra (Straume-området), Kleppestø (både buss og båt), Knarvik/ Flatøy, Indre Arna og Os som dei mes aktuelle stadene for å vurdera innfartsparkering. Statens vegvesen er samde i hovudlokasjonane for etablering av innfartsparkering. Det pågår planprosessar i samband med overordna riksvegnett som vert retningsgivande. Planprosessar i vest med bybane, KDP kollektivtransport og nytt samband til Sotra er nemnde. Det er viktig at lokalisering og dimensjonering av innfartsparkering vert tilpassa framtidens behov.

Med helsing


Grethe Vikane
Seksjonsleiar


Olav Terje Høy